

***Bestandsplan 2012-2014 for  
Vald nr.80  
Gulen Nord-vest hjortevald***

**Del 1. Innleiing**

1. Planområde.
2. Planperiode.
3. Hovudmål og delmål.

**Del 2. Status og vurderingar**

1. **Tabell 1.** Antall tildelte og felte løyver 2003-2011.
2. **Tabell 2.** Areal pr. løyve i jaktfelta 2006- 2011.
3. **Tabell 3.** Prosentvis felling i alder og kjønn 1997-2011.
4. **Tabell 4.** Vårteljing på innmark 2000-2011.
5. **Tabell 5.** Gjennomsnitt slaktevekt 2003- 2011
6. **Tabell 6.** Total mengde kjøtt 2003- 2011
7. **Tabell 7.** Indeksrapport 2003- 2011.
8. Beiteskader.
9. Sett hjort.
10. Slaktevekter.
11. Utnytting av jakt som næring i jaktfelta.
12. Samla vurdering og status.

**Del 3. Handlingsdel**

1. Avskyting.
2. Tildeling av løyver til jaktfelta.
3. Overføring av løyver.
4. Felling av skadedyr.
5. Felling av "skrapdyr"
6. Tilleggsloyver.
7. Fellingsprosenten.
8. Feilfelling av dyr.
9. Felling utover tildelte løyver.
10. Rapportering av flott-funn.

**Del 4. Drift**

1. Utgifter.
2. Eppersøksavtalar.

## Del 1. innleiing

### 1. Planområde

Gulen Nord-vest hjortevald består av fylgjande jaktfelt nr.:  
58 Kyrkjøy, 63 Rutle, 130 Brosvik, 131 Vatne, 64 Sygnefest, 65 Risa, 66 Fallebø,  
132 Dingja log2, 68 Gryta, 133 Midtun, 134 Henriksbø, 72 Undertun, 73 Prestegarden,  
67 Nyhammer, 129 Vatnøy, xxxVesøy,

### Areal

Teljande areal for valdet er: 72472 da (74570 da. Inkl. Hjartås)

### Medlemar

Det er jaktfelta som er medlemar i valdet. Rettshavarane er medlemar gjennom dei enkelt jaktfelta.  
Kvar rettshavar har stemmerett på årsmøte. ( Sjå vedtektsendring på årsmøtet 2012.)

### 2. Planperiode

Denne planen gjeld for treårsperioden 2012 - 2014. Planen skal om nødvendig reviderast etter kvart av dei to første åra.

### 3. Hovudmål og delmål

Valdet har som målsetting å forvalte hjortestammen på ein slik måte at ein sikrar ein optimal og vedvarande produksjon og avkastning, sunne og friske dyr, god kjønns- og aldersfordeling og med passande stammestorleik i forhold til leveområdet si bæreevne (beitetilgang) og beiteskade på innmark, skog og andre næringsinteresser.

For å ha ein sterk og levedyktig bestand, som kan gje ein optimal og vedvarande avkastning er det nødvendig:

- **Å halde stammen på eit nivå der den er i balanse med næringsgrunnlaget.**
- **Å hauste biologisk riktig av stammen, dvs. å ta ut dei minste dyra i kvar kategori.**
- **Å halde ei god kjønns- og aldersfordeling i stammen.**

Valdet har i to periodar på til saman seks år tatt ut eit tverrsnitt av stammen. Dette har vore gjort for å være på den sikre sida, i all tid ein ikkje viste så mykje om kva kategori dyr, og kor mange dyr som var i området. Dei siste tre åra har uttaket vore 40% hodyr, 40% hanndyr og 20% kalv.

Vi har i løpet av desse åra tileigna oss viktig informasjon bl.a. igjennom ”Sett hjort”, og ”Vårteljing”.

Valdet meiner derfor det er fornuftig å endre på avskytingsmodellen for å gjere planen meir tilpassningsdyktig til det enkelte jaktfelt, og har derfor valt ein slik avskytingsmodell for neste periode:

- 20% kalv,
- 40% eldre hann/ho. Uttaket kan skeivfordelast opp til 25%
- 40% 1,5 år hann/ 1,5 år ho

Valdet skal igjennom sine jaktfelt, som tidlegare, gjere sitt beste for:

- **Å sikre eit mest muleg presist uttak av tildelte løyver.**
- **Å sikre ei effektiv, sikker og human jakt.**

## Del 2. Status og vurderingar

Tildelte og felte dyr i jaktfelta i perioden 2003-2011. . I løpet av desse åra har valdet hatt ein flat avskytingsmodell med 20% i kvar kategori.

Tabell 1

Gulen Nord-vest hjortevald

Jaktfelt	Areal	Planperiode 2003-2005							
		Tildelt	Felt	Tildelt	Felt	Tildelt	Felt	Tildelt	Felt
		03	03	04	04	05	05	03-05	03-05
Kyrkjøy	2998	5	4	6	5	6	3	17	12
Rutle	2043	4	4	4	2	5	5	13	11
Brosvik	8158	15	14	16	14	17	13	48	41
Vatne	5560	14	13	15	14	15	13	44	40
Sygnefest	2108	4	3	5	4	6	5	15	12
Risa	4930	6	6	6	6	6	6	18	18
Fallebø	3642	5	4	6	5	6	6	17	15
Dingja 1 og 2	7926	7	7	7	5	9	10	23	22
Gryta	2736	2	2	2	1	3	1	7	4
Midtun	7334	10	8	12	9	12	8	34	25
Henriksbø	4278	5	4	6	3	6	4	17	11
Undertun	5899	5	5	5	3	6	2	16	10
Prestegarden	9474	7	1	9	4	9	5	25	10
Nyhammer	3686	3	2	4	1	4	3	11	6
Vatnøy/Vesøy	1700	1	0	2	0	2	2	5	2
<b>Totalt</b>	<b>72472</b>	<b>93</b>	<b>77</b>	<b>105</b>	<b>76</b>	<b>112</b>	<b>86</b>	<b>310</b>	<b>239</b>

Tabell 2

Jaktfelt	Areal	Planperiode 2006-2008							
		Tildelt	Felt	Tildelt	Felt	Tildelt	Felt	Tildelt	Felt
		06	06	07	07	08	08	06-08	06-08
Kyrkjøy	2998	5	4	6	5	5	5	16	14
Rutle	2043	4	4	4	4	4	4	12	12
Brosvik	8158	14	10	17	17	14	15	45	42
Vatne	5560	14	13	15	15	14	13	43	41
Sygnefest	2108	5	4	6	5	5	5	16	14
Risa	4930	6	3	8	8	6	8	20	19
Fallebø	3642	5	3	6	5	5	4	16	12
Dingja 1 og 2	7926	9	8	10	8	10	9	29	25
Gryta	2736	2	1	3	2	2	2	7	5
Midtun	7334	12	8	15	13	12	12	39	33
Henriksbø	4278	4	4	4	4	4	4	12	12
Undertun	5899	4	2	5	4	4	3	13	9
Prestegarden	9474	5	3	6	2	6	2	17	7
Nyhammer	3686	2	0	3	2	2	2	7	4
Vatnøy/Vesøy	1700	1	1	1	0	2	0	4	1
<b>Totalt</b>	<b>72472</b>	<b>92</b>	<b>68</b>	<b>109</b>	<b>94</b>	<b>95</b>	<b>88</b>	<b>296</b>	<b>250</b>


Gulen Nord-vest hjortevald

I denne perioden: 20% kalv og Høvesvis 40% kolle og bukk.(Tildelt -9 og -10 står ekstraløyver)

Tabell 3

Jaktfelt	Areal	Planperiode 2009-2011								3 planperiodar 2003-2011		
		Tildelt 09-11	Felt 09	Tildelt 10	Felt 10	Tildelt 11	Felt 11	Planperioden tildelt	felt	Felt 9 år	Tildelt 9 år	Fellingsprosent 9 år
Kyrkjøy	2998	15	5	1	5	1	3	17	13	39	50	78
Rutle	2043	12	4	1	4	1	4	14	12	35	39	90
Brosvik	8158	42	12	2	18	2	18	46	48	131	139	94
Vatne	5560	42	12	2	15	2	17	46	44	125	133	94
Sygnefest	2108	15	4	0	6	1	6	16	16	42	47	89
Risa	4930	21	7	1	8	1	8	23	23	60	61	98
Fallebø	3642	12	4	1	5	1	7	14	16	43	47	91
Dingja 1 og 2	7926	24	7	1	10	1	9	26	26	73	78	94
Gryta	2736	6	3	1	3	1	2	8	8	17	22	77
Midtun	7334	36	13	3	15	3	13	42	41	99	115	86
Henriksbø	4278	18	5	2	5	2	8	22	18	41	51	80
Undertun	5899	15	5	2	6	2	2	19	13	32	48	67
Prestegarden	9474	12	1	0	5	1	2	13	8	25	55	45
Nyhammer	3686	6	2	0	1	1	4	7	7	17	25	68
Vatnøy/Vesøy	1700	3	1	0	0	0	0	3	1	4	12	33
Totalt	72472	279	85	17	106	20	103	316	294	783	922	85

Tabell 4. Viser teljande areal og areal pr. løyve i jaktfelta 2008- 2011.




## Gulen Nord-vest hjortevald


**Tabell 5.** Viser varteljning på innmark i perioden 2000 til 2011.

Blå søyle er delvis utanfor valdet, og utgjer ca. ein tredel av resultatet.

Grøn søyle er i hovudsak utanfor valdet, men er viktig å ta med når ein reknar med at trekket i hovudsak går over Nyhamarsundet.



**Tabell 6.** Viser gjennomsnitt slaktevektar i valdet så lenge det har vore registrert vektar. Altså frå 2003 til 2011.



## Gulen Nord-vest hjortevald

**Tabell 7.** Viser indeksrapport for valdet frå 2003- 2011. Ein ser klare utviklingstrekk i nokre av kolumnene som ein fylgje av avskytingsmodellen som har vore nytta.

Å	Sett hjort pr. jegerdag	Sett kolle pr. bukk	Sett kalv pr. kolle	% bukk felt av sette bukk	% kalv felt av sette kalv	% koller felt av sette koller
2003	1,2	1,7	0,6	26,2	7,3	14,5
2004	1,6	1,4	0,6	13,8	9,5	16,7
2005	1,6	0,9	0,6	14,2	14,4	12,8
2006	1,4	1,2	0,6	14,9	12	12,4
2007	1,4	1,1	0,5	16,2	15,5	19,6
2008	1,9	0,9	0,6	13,5	13,0	14,3
2009	1,9	1	0,6	16,7	9,3	14,5
2010	1,8	1,2	0,6	16,9	13,0	14,3
2011	2	1	0,6	12,8	9,0	12,4

### 8. Beiteskader.

Det er i perioden 2003- 2007 foretatt ei rekkje forsøk på innmark i fleire kommunar, der iblant Gulen (Eidsbotn). Dette prosjektet er avslutta, men vi har ikkje mottatt endeleg resultat. Når det skjer, vil vi komme tilbake til det. Ein veit likevel frå andre prosjekt at beiteskade kan medføre ein reduksjon på opp til 50% av grasproduksjonen. Det er registrert ein del beiteskader. Vårteljinga er ein indikasjon på kvar skadane er størst. Hardast ramma vert dei som driv mest intensivt.

### 9. Sett hjort.

Dette er eit registreringsverktøy vi tok i bruk f.o.m. hausten 2003, og som er viktig å fortsette med for å kunne sjå svingningar i stammen over tid. "Sett hjort" i tillegg til vårteljing er noko av dei viktigaste målingane vi har for å seie noko om stammen i området. (Sjå også [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no) )

### 10. Slaktevekter.

Registrering av slaktevekter er eit anna viktig registrerings verktøy som over tid kan gje oss ein peikepinn på dyras kondisjon, beitetilgang og kan nyttast som bakgrunn for å sette i gang nødvendige tiltak i høve til uttak av dyr. Slik registrering vart oppstarta i 2003, og vart notert på "sett hjort" skjemaet fram til 2004. F.o.m. 2005 vart dette registrert på eige skjema. (Sjå også [www.hjortevilt.no](http://www.hjortevilt.no) )

### 11. Utnytting av jakt som næring i jaktfelta.

Sal av jakt er ei sak for kvar enkelt jaktrettshavar, men det bør/ må skje i ordna former, og i dialog med dei andre jaktrettshavarane i jaktfeltet.

### 12. Samla vurdering av status.

Ut ifrå talmaterialet som til no er innsamla, kan vi med større sikkerheit seie noko om kva samansetning vi har av hjort i valdet. Totalt har vi no ei jamnare fordeling mellom ho- og hanndyr. Vi har mykje store eldre bukkar, som er viktig for å få kollene tidleg i brunst, som igjen gjev ein positiv trend med tidleg fødte kalvar. Vi har også fått endringar som vi ikkje kunne forutsjå, så som store ansamlingar av hanndyr i ein del av valdet medan hodyr/ ungdyr står meir i andre områder. Om dette berre har med avskytings-modellen vi har nytta er vanskeleg å seie, når vi veit at det er mange andre moment som kan spele inn på dette.

## Gulen Nord-vest hjortevald

På grunn av avskytnings- modellen som har vore nytta dei siste seks åra ser ein klare forandringar i tråd med målet vi hadde då vi starta med bestandsplan. Valdet nyttar i dag data som har vorte innsamla i forbindelse med ny bestandsplan. Derfor er det svært viktig å fortsette med dette arbeidet. Dei sikraste tala vi har i dag er tildelte løyver kontra felte dyr. Både ”sett hjort”, slaktevekter og vårteljingar gjev i dag verdifulle tilleggsopplysningar.

### Del. 3 Handlingsdel.

#### **1. Avskyting.**

Valdet har til no tre treårs periodar bak seg.

2003-2005 med totalt tildelt 286 løyver og ein fellingsprosent på 83,6%

2006-2008 med totalt tildelt 279 løyver og ein fellingsprosent på 89,6%

2009-2011 med totalt tildelt 320 løyver og ein fellingsprosent på 91,9%

I denne planen ynskjer valdet ei tildeling på **110 løyver** pr. år som vil gje **330 løyver** i perioden. 4 av desse løyva vil valdet legge i pott for skrapdyr og tilleggsdyr som jaktfelte kan søkje på.

Målet for denne perioden vert endra i høve til tidlegare planar til:

- 40% Eldre hann/ho. Uttaket kan skeivfordelast opp til 25% på kjønn.
- 40% 1,5 år hann/ 1,5 år ho
- 20% Kalv.

**Denne fordelinga er det valdet totalt som skal oppnå. Valdet skal ha muligheit til å kunne justere prosentverdiene i planperioden om innkomne bestandsdata tilseier det.**

**Koller skal om muleg ikkje skytast ifrå kalven, då vi elles endar opp med å produsere ”skrapdyr”, noko vi skal prøve å unngå!**

**Jaktfeltleiaren er ansvarleg for innsending av skjema for ”Sett hjort”og vektskjema til valdansvarleg snarast etter jaktslutt.**

#### **2. Tildeling av løyver til jaktfelte.**

Det einskilde jaktfelt vil få tildelt frie løyver, og må derfor sjølv syte for å fordele løyva slik at måsettinga vert oppnådd. Etter dei to første åra vil styret evaluere resultatata og eventuelt iverksette tiltak for å nå målet.



**Tildeling 2012- 2014**

Jaktfelt	Teljande areal	Løyver for 3 år	Areal pr løyve
Kyrkjøy	2998	18	500
Rutle	2043	15	409
Brosvik	8158	45	544
Vatne	5560	45	371
Sygnefest	2108	16	395
Risa	4930	24	616
Fallebø	3642	15	728
Dingja1og2	7926	27	881
Gryta	2736	9	912
Midtun	7334	42	524
Henriksbø	4278	21	611
Undertun	5899	18	983
Prestegarden	9474	15	1895
Nyhammer	3686	9	1229
Vatnøy	1158	4	869
Vesøy	542	3	542
<b>Sum</b>	<b>72472</b>	<b>326</b>	<b>667</b>

**3. Overføring av løyver.**

Det einkilde jaktfelt vil i perioden ha mulegheit til å overføre løyver på dyr som ikkje vert felte frå eit år til det neste i planperioden, etter fylgjande regel:

Utgangspunktet er like mange løyver kvart år.

- 1- 5 dyr: 1 unytta løyve kan overdragast.
- 6- 10 dyr: 2 -----"-----
- 11- 15 dyr: 3 -----"-----
- 16- 20 dyr: 4 -----"-----

For 3. året får ein ikkje overført dyr som ikkje er felte 1. året. Då ser ein berre på år 2 og kva som er felt av grunntildeling for det året.

Hvis eit jaktfelt etter jakta eit år står igjen med fleire unytta løyver enn det som går fram av planen for overføring, vil valdet inndra dei unytta løyva for det aktuelle året. Løyva vil verte nytta som ekstraløyver, og til "skrapdyr"løyver kommande jaktseong, til og med tredje året i planen.

Fordeling av slike løyver: **Sjå vedlegg.**

**4. Felling av "skrapdyr"**

Dette var ei ordning valdet tok til med i jakta 2005, som går ut på at felte dyr under ei angitt slaktevekt vert erstatta med nytt løyve som vert teke frå valdet sine ekstraløyver så lenge dei rekk. Ordninga vil halde fram. Om det vert naudsynt, vil tidlegare unytta løyver i perioden også kunne nyttast til dette formålet.

**Sjå vedlegg.**

**5. Felling av skadedyr.**

Ved problem med skadedyr, må det enkelte jaktfelt søke via valdansvarleg til Gulen kommune v/ viltkonsulenten om fellingsløyve.

Som eit alternativ ved stor bestand i eit jaktfelt, kan valdet gje løyve til eit uttak som er høgt første året, og går gradvis ned dei to neste. Det kan også søkjast om tilleggsløyver når tildelt kvote for jaktåret er nytta. **Sjå vedlegg og pkt. 6.**

**6. Tilleggsløyver**

Jaktfelt som har felt alle dyra sine eit år, kan søke styret om tilleggsløyver. Dei 2 første åra vil det bli gjeve fritt løyve om avskytinga er eit tilnærma tversnitt av stammen. 3. året vert det tildelt løyve i bestemt kategori. **Sjå vedlegg.**

## Gulen Nord-vest hjortevald

### 7. Fellingsprosenten.

Valdet har som målsetting å nå ein fellingsprosent på minimum gjennomsnittet dei siste seks åra, som var 90,75% Jaktfelte seg imellom er ansvarlege for å inngå formålstenlege samarbeidsavtalar, slik som bytte av løyver, samjakt ol. Dette er viktig for å oppnå ei mest muleg effektiv jakt.

### 8. Feilfelling.

Valdet innfører frå og med 2009 reglar om feilfelling av tildelte løyver:

- Det er alltid lov å felle kalv i staden for anna løyve, og gjeld derfor ikkje for vidare punkt.
- Jeger som feller dyr i anna kategori enn tildelt, pliktar snarast å melde i frå til jaktfeltsleiar.
- Viss det er muleg skal det først omfordelast løyver innad i jaktfeltet.
- Om ikkje dette er muleg, må jaktfeltsleiar kontakte andre jaktfelt for evt. å bytte løyve.
- Ein tredje mulegheit er å få bytte løyve med valdet sine ekstraløyver. Kontakt valdleiar!
- **I saker der jeger unnlet å melde ifrå om forholdet, skal det rapporterast snarast til styret i valdet, som i sin tur vil vurdere saka.**

Styret vil kunne krevje erstatning begrensa oppad til kroner 5000,- pr. løyve, eller inndraging av løyve tilsvarande feilfelte dyr.

Styret si avgjer er endeleg!

### 9. Felling utover tildelte løyver

*I saker der det vert felt fleire dyr enn tildelt, gjeld same prosedyre som siste punkt under 8. Men styret vil her kunne krevje erstatning begrensa oppad til kroner 5000,- pr. løyve, og inndraging av løyve tilsvarande feilfelte dyr.*

### 10. Rapportering av flott.

Folkehelseinstituttet og veterinærinstituttet er i gang med eit overvakingsprogram for flott og hjortelusfluge.

Hjortelusfluga er registrert i store delar av Østfold, og har også passert Oslofjorden, og det er ingen ting som tyder på at det vil stoppe her.

Flotten er utbreidd over store delar av sør –noreg, nord til Trondheim.

På nettsida [www.flattogflue.no](http://www.flattogflue.no) står det mykje informasjon om temaet, og i tillegg kan kvar enkelt jeger gå inn å registrere sine funn på felte dyr. **Det er like viktig å registrere om ein finn flott, eller ikkje.**

## Del 4. Drift.

### 1. Utgifter.

Utgifter til administrasjon av valdet dekkjast av jaktfelte i Gulen Nord- vest hjortevald.

Valdet vil likevel søke om midlar til drift frå viltfondet i Gulen kommune.

### 2. Ettersøksavtalar.

Det einskilde jaktfelt/ jaktrettshavar/ jeger er sjølv ansvarleg for å inngå ettersøksavtalar med godkjend ekvipasje/ ettersøkslag. Ved tildeling av ekstradyr, skal også desse inngåast ettersøksavtale på.

Gulen Nord-vest hjortevald

V/ Halvor L. Brosvik

## Tilleggsløyver og skrapdyr

### Tilleggsløyver

- Det er **leiar og ein til frå styret i valdet** som skal ha mynde til å tildele slike løyver.
- Kwart einskilt jaktfelt kan søkje valdet om tildeling av ekstraløyver.
- Jaktfeltet må være ferdig med sine ordinære løyver for jaktåret før det vert søkt om ekstraløyver.
- Søknaden skal være skriftleg, og være valdstyret i hende seinast 3 veker før jaktslutt.
- Søknaden skal vere grunnmitt med basis i bestandsplanen.
- Tildelte ekstraløyver gjeld for jaktåret det vert søkt i, og kan ikkje overdragast til neste jaktår.
- Valdstyret skal behandle innkomne søknader snarast, og innan 1 veke.
- Svar på søknad skal sendast skriftleg og skal vere grunngeve ved avslag.
- Jaktfeltet må ha svar på søknad i hende, i tillegg til ettersøksavtale for nye dyr, før jakta tek til.

### Skrapdyr.

Skyt ein t.d. eit magert 1,5 år hanndyr, vil ein kunne få eit nytt dyr om det skotne dyret er under ei viss vekt. Dette gjeld for alle kategoriar dyr. Likevel vil ein erstatte **eldre koller med anna kategori dyr**. Dette for ikkje å skyte mora frå kalven.

Vektene er lik eller under:

Kalv	1,5 år ho	1,5 år hann	Eldre ho	Eldre hann
20 kg	35 kg	40 kg	50 kg	60kg

Meiner du dyret er eit skrapdyr, må ein frå styret komme og vege dyret. **Hovudet skal sitje fast på kroppen til dyret skal vegast for kontroll**. Skrotten vert vegen på vanleg måte utan hovud og bein kapp i "kne"-leddet. Når dei frie dyra og dyr som står som rest av tidlegare års kvote, er oppbrukt, vert ikkje dyr lenger kompensert. Først til mølla.....

Valdet søker om frie dyr som vil gå til kompensasjon for skrapdyr og til ekstraløyver til dei som har skote "fullt hus". Dyr som ikkje vert felt første år og seinare år, går inn i potten for utdeling for skrapdyr og tilleggsløyver